



Kyrkja vår heiter ikkje lenger USKEDALEN kyrkje, men USKEDAL kyrkje. Ho går med andre ord inn i 100-årsjubileet med justert namn. Her har USKEDALEN SOKNERÅD gjort god jobb!

Det må USKEDAL SOKNERÅD ta konsekvensen av og rette opp plakat-tavla som i alle høve treng oppfrisking med meir lettleslege bokstavar.

Etter denne namnejusteringen er det vel berre USKEDALEN UTVIKLING i bygda som må gjennom ein tilsvarande prosess. Leiar Kristian Bringedal lovar at den kjem om ikkje lenge.

Foto: Ola Matti Mathisen